



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Referat

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Kyrkjestova

Dato: Torsdag 23. januar 2020

Tid: Kl. 19.00

Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	leiar
Svein Lunde	skrivar
Tom Rydland	medlem
Anne Marie Røed	medlem
Herman Inge Aadland	medlem
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem
Roald Drønen	sokneprest
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant
Jan Overweg	Kyrkjeverje

Forfall faste medlemmer:

Namn	Funksjon
Wenche Andersen Helland	nestleiar
Håkon Rydland Sæbø	medlem

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Hilda Gloppen	4. varamedlem

Varamedlemmer som ikke møtte:

Namn	Funksjon
Jostein Skram	1. varamedlem
Karin Marie Korsvik	2. varamedlem
Magnor Tverderøy	3. varamedlem
Jan Ottar Wiik	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten



Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2020/01	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2020/02	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 28.11.2019	x
2020/03	212	Tilsetjing av kontormedarbeidar U.OFF.	x
2020/04	112	Godkjenning av budsjett for 2020	
2020/05	213	Oppseiing av stilling	
2020/06	012.9	Utval og nemder	
2020/07	360	Foredrag Jørn Øyre hagen Sunde	
2020/08	300	Arrangement i kyrkja	
2020/09		Meldingssaker	
2020/10		Open post	

Sak 2020/01 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saklister godkjent.

Merknader:

Evaluering av kurs er ikkje med på saklista.

Ynskje om å få sak 5 før sak 3.

Vedtak:

Rekkefølge som innstilling men sak 5 vert teken før sak 3.

Evaluering av kurset går ut men ein vil ved seinare høve ta tak i ein del av dei læringspunkt kurset hadde.

Sak 2020/02 012.1 Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 28. november 2019 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare.

Referatet er lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkje.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 28. november 2019.

Vedtak:

Som innstilling.

Sak 2020/03 212 Tilsetjing av kontormedarbeidar

Fitjar sokneråd har i sak 51/19 gjort følgjande vedtak:

"Fitjar sokn skal snarast råd lysa etter kontormedarbeidar i 40% fast stilling. Soknerådet sitt arbeidsutval får fullmakt til å gjennomføra utlysing og anna førebuing som må til før tilsetjing."



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Stillinga som kontormedarbeidar har vore lyst ut i Bladet Sunnhordland og på kyrkja si heimeside.

Søknadsfristen vart sett til 31.12.2019. Det har komme inn seks søknader. Desse er i alfabetisk rekkefølge:

Kristina Bergesen

Liubov S. Hagen

Daniela Hereid

Elisabeth Søndenå Oma

Astrid Marie Skumsnes

Ragnhild Helle Aarskog

Tre av søkerane har vore inviterte til intervju. Soknerådsleiaren, kyrkjeverja og soknepresten har vore med på intervjuet.

Soknerådet sitt arbeidsutval kjem med tilråding til kven som bør tilsettast. Sidan behandlinga av sak er unntake innsyn etter offentleglova § 25, vil tilrådinga kun verta gjort kjend for dei som skal delta i møte. Dei kan få utlevert tilrådinga ved å kontakta soknerådsleiaren.

Meir informasjon om sak vert lagt fram i møte.

Samandrag av intervju og grunngjeving for innstilling vart gitt munnleg i møtet.

Framlegg til vedtak:

1. Ragnhild Helle Aarskog vert tilsett som kontormedarbeidar i 40% stilling i Fitjar sokn. Kyrkjeverja får fullmakt til å gjera avtale om løn og anna som måtte vedkomma arbeidsforholdet.

2. Dersom Ragnhild Helle Aarskog ikkje tek imot stillinga får Elisabeth Søndenå Oma tilbod om tilsettjing.

Vedtak:

Som innstilling.

Sak 2020/04 11 Godkjenning av budsjett for 2020

Soknerådet skal vedta eit detaljbudsjett på grunnlag av tilskotet som kommunestyret har løyvd.

Budsjettet for Fitjar sokn 2020, som vart godjent i møtet 22.10.2019, går i balanse med ei kommunal rammeoverføring pålydande kr. 2.526.340. I Fitjar kommune sitt endelige budsjettet for 2020 vart tilskotet til Fitjar sokn redusert med kr. 86.940 til kr. 2.439.400.

Ei førebels utrekning viser eit overskudd i rekneskapet for 2019. Noko av grunnen er ledig stillingsressurs i administrasjonen og utsatt vedlikehald på kyrketårnet. Sidan det for 2020 blir budsjettet med både løn til kontormedarbeidar og vedlikehald av tårnet, vil det vera naturleg å balansera budsjettet med midler frå disposisjonsfond (mindreforbruket i 2019) I tillegg er de gjort nokre mindre justeringar. Forslag til endeleg budsjett er vedlagt.

Framlegg til vedtak:

Fitjar soknerådet vedtek justert detaljbudsjett for 2020.

Vedtak:

Som innstilling.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 2020/05 213 Oppseiing av stilling

Kyrkjegardsarbeidar Kristian Skumsnes har sagt opp stillinga med virkning frå 01.04.2020. Stillinga har vore ein kombinasjon av 50% kyrkjegardsarbeidar og 10% kyrkjetenar i Fitjar sokn. For å få fleire søkerar bør det vera rom for å søkja deler av stillinga.

Framlegg til vedtak:

Fitjar sokn skal snarast råd lysa etter kyrkjegardsarbeidar i 40-60% fast stilling. Soknerådet sitt arbeidsutval får fullmakt til å gjennomføra utlysing og anna førebuing som må til før tilsetjing.

I møtet kom det fram ynskje om å utsetje saka. Grunngjevinga var at ein ynskte ei vurdering av andre løysingar. Behovet på kyrkjegarden er i stor grad sesongstyrt. Kan dette løysast på andre måtar?

Framlegg i møtet: Utsette saka til neste møte og få ein gjennomgang av stilling og vurdering av andre mogelege løysingar. (Innleige tenester/sesongarbeid)

Vedtak:

Soknerådet oppretta ei arbeidsgruppe som skal belysa andre løysingar til neste møte. Med i gruppa er Sigrid Marie Fangel, Tom Rydland, Wenche Andersen Helland og Jan Overweg.

2020/06 012.9 Utval og nemder

Fitjar sokneråd har tidlegare oppretta fleire utval og nemder. Nokre av utvala manglar medlemmar. Det er naturleg at medlemmar i soknerådet har plass i nokre av utvala.

Soknerådet blir i møtet orientert om desse grupper og utval (i alfabetisk rekkefølgje):

Babysang og småbarnstreff, diakoninemnd, frivilligemnd, gudstenesteutval, kappensemnd, klokkarar, kyrkjeblad, kyrkjeringen, kyrkjetenarar, kyrkjevertar, medhjelparar under nattverd, undervisningsutvalet. Kyrkjemusikk Trusopplæringsutval

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Vedtak:

Lista over utval og nemder vart gjennomgått og justeringar vart gjort av både namn og ansvarsområde for utval og nemnder. Gudstenesteutval og kyrkjemusikkutval vart slått saman. Undervisningsutval vart døypt om til Trusopplæringsutval. Lista over deltakarar i nemndene vart justert/nye lagt til.

Administrasjon/sokneprest kontaktar medlemmane i nemndene og spør om dei er villig til å vera med i arbeidet.

2020/07 360 Foredrag Jørn Øyrehaugen Sunde

Ein viser til sak 56/19 om samarbeid med sogelaget om foredrag "Håkon den gode som lovgjevar" der det blir trekt linjer til Kristenretten og Olav den heilage.

Anne Marie Røed har vore i kontakt med sogelaget ved Rasmus Fitjar og med professor i rettshistorie ved UiB Jørn Øyrehaugen Sunde. Øyrehaugen Sunde har stor lyst til å halda foredrag på Fitjar.

Han vil halda foredraget gratis, men vil ha dekt utgifter til reise, ca kr. 1.000. Sogelaget vil bidra til dekking av utgiftene. Aktuell dato og klokkeslett er fredag 5. juni kl.18.00.

Framlegg til vedtak:



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Fitjar sokneråd inviterar Jørn Øyre hagen Sunde til å halda foredrag i Fitjar kyrkje fredag 05.06.2020 kl. 18.00. Soknerådet er med å dekke utgifter til reise med opp til kr. 1000

Vedtak: Fitjar sokneråd inviterar Jørn Øyre hagen Sunde til å halda foredrag i Fitjar kyrkje fredag 05.06.2020 kl. 18.00. Soknerådet er med å dekke utgifter til reise/annonser med opp til kr. 1000.

2020/08 300 Arrangement i kyrkja

Det har vore mange arrangement i kyrkja i desember. Soknerådet tek ei lett evaluering. Framover er det to større trusopplæringsarrangement. Kyrkjelydspedagog Randi L. Matre ønskjer at soknerådet peikar ut ein person som kan ta ansvar for å rekrutter frivillige medarbeidarar til gjennomføring av begge arrangement.

Sjå elles eiga saksutgreiing frå kyrkjelydspedagog

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Vedtak:

Tom Rydland ordnar hjelp til Tårnagenthelg.

Resten av jobben vert delegert til Trusopplæringsutval.

2020/09 Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Søknad OVF ungdomdarbeid og leiaropplæring (Jfr sak 56/19). Fitjar sokn har ikkje fått svar på søknaden om OVF-midlar. Handsaming av saka i sokneråd er difor utsett.
2. Invitasjon frå FUS barnehager. Oversendt stiftsesstyret

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering.

2020/10 Open post